

AKSE JOSTEIN BYGNINGST KONSULENT

5763 SKARE

Vår dato: 02.05.2024

Vår ref.: 202319193-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE si vurdering av vassforsyning til Vikås hyttefelt ved Reinsnosvatnet i Ullensvang kommune i Vestland

Vi viser til førespurnaden dykkar av 08.12.2023.

Bakgrunn for tiltaket

Rett vest for Reinsnosvatnet ligg Vikås hyttefelt. Utbygginga av feltet starta i 2014 og i dag er 10 av 15 hytter bygde. Under utbygginga blei det anlagt eit vassforsyningsanlegg med trykktank på 400 liter og pumpehus, samt nedsenka pumpeleidning til Reinsnosvatnet. Frå pumpehuset ligg det vidare forgreiningar til hyttene som berre har innlagt drikkevatt og vatn til vask/dusj. Hyttene har biodo, som er toalett utan vassforbruk. Vassuttaket vil på det høgaste vere 3600 l/døgn, som for eksempel i påska. I ei vanleg helg vil uttaket vere omtrent 1800 l/døgn. Vatnet som blir brukt i hyttene vil gå gjennom eit reinseanlegg før det blir tilbakeført til jordsmonnet og etter kvart vil renne ned mot Reinsnosvatnet igjen.

Spørsmål om å avklare vassuttaket etter vassressurslova har ikkje blitt nemnt frå kommunen si side i forbindelse med byggjesøknadar eller ferdigattestar, men er no tatt opp i tilknytning til ein søknad om gråvassanlegg for hyttefeltet. Områdekart ligg ved.

NVE si vurdering

Reinsnosvatnet er del av Opo-vassdraget som er verna på grunnlag av urørtheit. Største delen av vassdraget ligg i høgfjellet, kor elver og vatn er framtrudande i landskapet. Området er viktig for friluftsliv, og mange nyttar moglegheita til turar i storslagen og variert natur, med blant anna spektakulære fossar. Jakt og fiske er også populært, og Hardangervidda nasjonalpark ligg relativt nære.

Reinsnosvatnet (vatnløpenummer 1702) har eit areal på 3,4 km² og ligg 594 moh. Nedbørsfeltet er på 119 km² og ut frå vatnet renn det ei middelvassføring på 9,1 m³/s i følge Nevina.

Eit vassuttak, som oppgitt i meldinga, til inntil 15 hytter i Vikås hyttefelt er ubetydeleg sett i samanheng med storleiken på Reinsnosvatnet og nedbørsfeltet. NVE kan ikkje sjå at dette vil påverke vernet av vassdraget eller eventuelle andre allmenne interesser knytt til vassdraget.



NVE vurderer planane slik dei er lagt fram til ikkje å krevje noko ytterlegare behandling av oss etter vassressurslova.

Viktig informasjon for deg som planlegg tiltak i vassdrag

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interesser som følgjer av tiltaket.

Med helsing

Gry Berg
Seksjonssjef

Marianne Ask
rådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

AKSE JOSTEIN BYGNINGST KONSULENT

Kopimottakarliste:


Mattilsynet - Distriktskontoret Bergen og Omland
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ULLENSVANG KOMMUNE



Senterposisjon: 35786.67, 6675557.59
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 07.12.2023

0 500 1000 1500 2000m M=1:50000





Senterposisjon: 35735.49, 6675557.25
Koordinatsystem: EPSG:25833
Utskriftsdato: 06.12.2023

0 20 40 60 80m

M = 1:2500



 Kartverket

Nedbørfeltparametere

Vassdragsnr.: 048.DB1

Kommune.: Ullensvang

Fylke.: Vestland

Vassdrag.: Austdølo


Feltparametere	
Areal (A)	119 km²
Effektiv sjø (A _{SE})	3.39 %
Elvleengde (E _L)	15.3 km
Elvegradient (E _G)	57.8 m/km
Elvegradient ₁₀₈₅ (E _{G,1085})	55.1 m/km
Helning	15.0 °
Drenerings tetthet (D _T)	2.8 km ⁻¹
Feltlengde (F _L)	15.3 km

Arealklasse	
Bre (A _{BRE})	0.8 %
Dyktet mark (A _{JORD})	0.1 %
Myr (A _{MVR})	0.7 %

Leire (A _{LEIRE})	0 %
Skog (A _{SKOG})	7.7 %
Sjø (A _{SJO})	9.9 %
Snaufjell (A _{SF})	77.2 %
Urban (A _U)	0 %
Uklassifisert areal (A _{REST})	3.6 %

Hypsografisk kurve	
Høyde _{MIN}	595 m
Høyde ₁₀	774 m
Høyde ₂₀	949 m
Høyde ₃₀	1067 m
Høyde ₄₀	1179 m
Høyde ₅₀	1234 m
Høyde ₆₀	1280 m
Høyde ₇₀	1327 m
Høyde ₈₀	1381 m
Høyde ₉₀	1443 m
Høyde _{MAX}	1635 m

Klima- /hydrologiske parametere	
Averning 1961-90 (Q _N)	76.5 l/s*km²
Sommernedbør	614 mm
Vinternedbør	1151 mm
Årstemperatur	-0.0 °C
Sommertemperatur	4.5 °C
Vintertemperatur	-3.2 °C





Norges vassdrags- og energidirektorat

Kartbakgrunn: Statens Kartverk

Kartdatum: EUREF89 WGS84

Projeksjon: UTM 33N

Beregn punkt: 35447 E 6674610 N

Nedbørfeltgrenser og feltparametere er automatisk generert og kan inneholde feil.
Resultatene må kvalitetssikres.

